



**Hardangerrådet iks**



Hardanger

## MØTEBOK

### Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 19.03.2015

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Kuntnarhuset Messen i Ålvik, Kvam

Til stades:

Eidfjord kommune: Ordfører Anved Johan Tveit  
Granvin herad: Ordfører Ingebjørg Winjum  
Jondal kommune: Ordfører Jon Larsgard – Rådsvaraordfører  
Kvam herad: Ordfører Asbjørn Tolo  
Odda kommune: Ordfører John Opdal – Rådsordfører  
Ullensvang herad: Ordfører Solfrid Borge  
Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen  
Rådmannsforum: Rådmann Ingrid Guddal  
Administrasjonen: Dagleg leiar Leiv Vambheim  
Andre: Styreleiar Toralv Mikkelsen

Agenda:

Kl. 09.00 Regionrådsmøte  
Kl. 10.30 Presentasjon Kunsthuset Messen ved Solfrid Aksnes.  
Kl. 11.00 Presentasjon av arbeidet med NTP ved Kjell Kvåle SVV.  
Kl. 12.00 Lunsj  
Kl. 13.00 Årsmøte Hardangerrådet IKS  
Kl. 14.00 Kommunereforma  
Kl. 15.00 Slutt

Toralv Mikkelsen, Solfrid Aksnes og Stig Lundblad-Sandbakk orienterte og viste omkring på Kunsthuset Messen.

Styreleiar orienterte om søkjarliste til dagleg leiar.

Kjell Kvåle orienterte om arbeidet med NTP. (Sjå vedlagde PowerPoint).

**Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste som så vart godkjent.**

**Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:**

Ingebjørg Winjum og Hans Petter Thorbjørnsen

**Saker teke opp ved møtestart:**

Leiv Vambheim:

- Ny Sak 17/15 Forespørsel om utgreiing av ein Hardangerkommune Saksutgreiing laga og utsendt 18.03.15, og lagt fram på møtet. Vedtak: Saka vert teke opp til handsaming i dette møtet som sak 17/15.
- Invitasjon avslutningsmarkering Flytt til Hardanger på Hardingasete 09-10.04.15.

Jon Larsgard:

- « Arealguiden.no» ved Greater Stavanger. Spørsmål om eit regionalt prosjekt.

Solfrid Borge:

- Tilslutnad til uttale til støtte til BioForsk Ullensvang.
- Uttale om støtte til Hardanger Tingrett
- Ferjetilbodet Kinsarvik - Utne

Anved Johan Tveit

- LVK har ny valordning gjeld frå 2015. Medlemmene i Hordaland kjem saman.
- Invitasjon til Samferdselskonferanse 21. april 2015.

### **Saker til handsaming i Regionrådet:**

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

### **Sak 09/15 Meldingar**

Dagleg leiar gjekk gjennom meldingane. Det var ingen spørsmål til meldingane.

### **Sak 10/15 Møtebok frå Hardingtinget 13.02.2015**

#### **Vedtak**

Møteboka frå Hardingtinget 13.02.2014 i Odda vert godkjent slik ho ligg føre.

### **Sak 11/15 Aust Vest-utgreiinga Høyring til Statens Vegvesen**

#### **Vedtak:**

Kommunane gjev sine uttalar. Hardangerrådet samordnar dette og utformar ein felles uttale til møtet 07.05.2015.

### **Sak 12/15 Fordelingsnøkkel for Reisemål Hardanger Fjord**

#### **Vedtak:**

1. Hardangerrådet iks tilrår Reisemål Hardanger Fjord å nytta modell A som grunnlag for søknad om kommunalt tilskot til drifta av selskapet.
2. Hardangerrådet tilrår kommunane å inngå ein 4 årig avtale med RHF.

### **Sak 13/15 Statlege arbeidsplassar i distrikta i Noreg. Innspel frå Odda kommune.**

#### **Vedtak:**

Hardangerrådet iks ser det som viktig med ei nasjonal samordning for statlege arbeidsplassar i distriktet. Hardangerrådet tilrår å kopla dette til ein av dei eksisterande nasjonale medlemsorganisasjonane for distriktskommunane.

### **Sak 14/15 Søknad om fornying av webside RHF Midlar frå Kraftlinefondet**

#### **Vedtak:**

1. Hardangerrådet iks gjev tilsagn om 215.000 kr til Reisemål Hardangerfjord til eingongskostnad ved Fornyng av [www.hardangerfjord.com](http://www.hardangerfjord.com).
2. Midlane vert løynde frå Kraftlinemidlane Reiselivsrelaterte Tiltak.

### **Sak 15/16 Møtebok frå Telefonmøte 05.03.2015**

#### **Vedtak**

Møteboka frå Telefonmøtet 05.03.2015 vert godkjent slik ho ligg føre.

### **Sak 16/15 Orienterings- og drøftingssaker**

- **Endring i IKS-lova Høyringsuttale frå KS Bedrift.**

Ingen vedtak

- **Skatteoppkrevinga Overføring til Staten. Høyringsuttale frå KS**

Ingen vedtak

- **Hardangerkonferansen 2015**

Innspel:

- Det vert ein bolk på konferansen der næringsbransjar presenterer seg og kva satsingar som er under utvikling.
- Det må vera meir rom for at konferansedeltarakaren kjem til ordet

- **Ad. Dårleg brøyting i Hardanger vinteren 2014/15**

**Vedtak:** Orienteringa vert teke til vitande.

- **Utsett møte med Samarbeidsrådet for Sunnhordland.**

**Vedtak:**

Hardangerrådet iks inviterer SRS til å møta i Jondal 07.05.15 ettermiddag.

- **Arealguiden.no ved Greater Stavanger. Spørsmål om eit regionalt prosjekt.**

**Vedtak:**

Dagleg leiar lagar ei felles utgreiing om dette til neste møte.

- **Tilslutnad til uttale til støtte til BioForsk Ullensvang.**

**Vedtak:**

Solfrid Borge får fullmakt til saman med dagleg leiar til å gje uttale i saka.

- **Uttale om støtte til Hardanger Tingrett**

**Vedtak:**

Solfrid Borge får fullmakt til saman med dagleg leiar til å gje uttale i saka.

- **Ferjetilbodet Kinsarvik Utne**

**Vedtak:** Orienteringa vert teke til vitande.

- **Høyring i samband med eigedomsskatt. LVK har gjeve uttale som kommunane bør slutta seg til.**

**Vedtak:** Orienteringa vert teke til vitande.

- **LVK ny valordning gjeld frå 2015. Medlemmene i Hordaland kjem saman 29.april 2015.**

**Vedtak:**

Orienteringa vert teke til vitande.

- **Invitasjon til Samferdselskonferanse 21. april 2015.**

**Vedtak:**

John Opdal og Asbjørn Tolo tek kontakt med Hardanger Næringsråd for å avklara tema mellom traseane.

### **Sak 17/15 Forespørsel om utgreiing av ein Hardangerkommune**

Frå drøftinga:

- Odda og Kvam har sagt at dei ønskjer utgreiing av ein Hardangerkommune.
- Granvin herad har vedteke at dei ikkje vil vera med på ei utgreiing om ein Hardangerkommune.
- Jondal kommune har sagt ja til å greia ut ein Hardangerkommune i første runde.
- Ullensvang har 2. mars 2015 vedteke å utgreia ein Hardangerkommune.
- Eidfjord har sett saka på sakskartet til kommunestyret 23.mars 2015.
- Ulvik skal handsama dette i heradstyret i mai.
- Viss eit Hardangeralternativ ikkje vert utgreidd, så kan det ha konsekvensar for Hardanger som regional eining.
- Ei Hardangerutgreiing kan vera ei samanstilling av dei pågåande utgreiingane.
- Med sommarferie og val så kan framdrifta verta ein knapp faktor.
- Innbyggjarinvolveringa er viktig i prosessen

**Ingen vedtak.**

**Møteboka godkjent 19.03.2015.**

John Opdal  
Rådsordførar

Ingebjørg Winjum  
Rådsmedlem

Hans Petter Thorbjørnsen  
Rådsmedlem